



Miljøretta Helsevern v/Grethe Elin Mjelde

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2257 - 18/2789

Saksbehandlar:

Monica Vabø Reigstad

Monica.Vabo.Reigstad@lindas.kommune.no

Dato:

30.01.2018

Tilbakemelding på varsel om vedtak vedk. søknad om godkjenning etter forskrift om miljøretta helsevern

Gjeld: varsel om vedtak datert 02.01.18 , Ref. 14/1655 – 17/36025

Knarvik ungdomsskule har følgjande kommentarar til varselet om at skulen ikkje tilfredsstillar krav etter §1 og §9 i *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehage og skular* for meir enn 323 elevar.

1. Elevtal:

Det har vore endringar innanfor det oppgitt elevtalet på totalt 337 elevar pr. 01.01.18. Det er no 101 elevar på 8.steget, 125 elevar på 9.steget og 111 elevar på 10.steget.

2. Elevtal pr klasserom:

Etter våre vurderingar tilfredsstillar klasseromma til 8. klassane arealnorma på minimum 2m² pr elev. Det er 101 elevar på steget og klasseromma har areal til 108 elevar.

På 10. steget er det 111 elevar og areal til 108. Situasjonen der er at 3 elevar, i tre ulike klassar, ikkje er brukarar av klasseromsareala fordi dei har særleg tilrettelagt undervisning i eigne rom/lokale. Den siste klassen har og moglegheit for variasjon i gruppestorleik i dei fleste timane. Ut frå dette meiner ein derfor at elevane på 10 steget har tilgjengeleg 2m² kvar i klasseromma sine. På 9. steget er det areal til 108 elevar medan elevtalet er 125. Steget har derfor 17 elevar i overtal i forhold til arealnormen. Elevane på 9. steget er delt i 4 klassar.

3. Eventuelle løysingar for elevane på 9. steget

Situasjonen for dei fire 9. klassane kan løysast med større klasserom, eller med å dele dei i fem klassar. Skulen disponerar ikkje større rom, og har ikkje tilgang på eit ekstra klasserom for deling pr. dags dato. Kommunen varslar om at ein treng tid for å finne ei god løysing på tilleggsareal.

Å dele opp eksisterande klassar, der relasjonane og den sosiale tilhøyrigheten er satt, må gjerast på ein god måte. Det er viktig å ta omsyn til den enkelte elev. Dersom løysinga blir å oppretta ein

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



femte 9.klasse grunna mangel på areal, må skulen få tid til å gjennomføra dette på best mogelig vis. Desse prosessane inneber brei medverknad frå elevar, foreldre og tilsette. Dette er essensielt for å halda på eit allereie godt læringsmiljø. Ein må òg ha tid til å få tilsett lærarar med rett kompetanse.

Knarvik ungdomsskule kan såleis ikkje løyse problemet for elevane på 9. steget med ein gong vedtaket blir fatta. Kommunen treng tid for å få på plass tilleggsareal, samt at skulen treng tid for å ha gode interne prosessar når ein veit kva løysingar arealet gjev rom for.

Som kompensatoriske tiltak i tida fram til vi har ei løysing, aukar vi lærartettleiken på 9. steget så mykje som mogleg. Denne tilretteleggjinga opnar for undervisning i mindre grupper, som igjen fører til mindre fulle rom i store delar av undervisninga.

Med helsing

Monica Vabø Reigstad
konst. rektor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Hogne Haugsdal
Kristin Moe
Medlemer i FAU og SU ved Knarvik
ungdomsskule
Postmottak Lindås kommune
Ragna Midtbø
Terje Fauske
Therese Urdahl Braseth
Ørjan Raknes Forthun

Mottakarar:

Miljøretta Helsevern v/Grethe Elin
Mjelde
Miljøretta Helsevern v/Terese
Folgerø